



Lindås Tomteselskap AS  
Hagellia 4  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4368 - 14/15234

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
23.06.2014

## Gbnr137/705 løyve til deling av grunneigedom, areal til bustad.

Eigedom: gnr. 137 bnr.105 Hordasmibakken  
Adresse for eiged.: Isdalstøbakken 1, 5914 Isdalstø  
Type tiltak: Deling av grunneigedom  
Heimelshavar: Lindås Tomteselskap AS  
Søker: Lindås Tomteselskap AS

### Saka gjeld:

Lindås Tomteselskap AS eig eit areal på 7,0da i området mellom Hordasmia og den nye vegen frå Isdal til Alvermarka. I samband med realisering av ein reguleringsplan for bustadbygging «Hordasmibakken 1263-201212», vil Lindås Tomteselskap overføre den delen av 137/705 som ligg innafør regulert område, til tiltakhavarane som står bak planen.

Detter er Olga H. Urdal som eig gbnr137/46, og Lindås Tomteselskap som eig gbnr137/59.

Det er søkt om å dele frå 2,0da , men truleg er arealet noko større. Av kartet som føl søknaden, går det fram at parsellen skal overførast til 137/59.

### Planstatus/dispensasjonar:

Parsellen som skal delast frå er sett av til føremålet og del av regulert område. Dispensasjon er ikkje naudsynt.

### Nabovarsling:

Det ligg ikkje føre nabovarsel. Kommunen ser det slik at nabovarsel ikkje er naudsynt, då det ikkje er naboar som vert direkte råka av tiltaket.

### Tilkomst, vassforsyning og avløp:

Avløp, vassforsyning og tilkomst vert løyst i samsvar med godkjend reguleringsplan.

### VEDTAK:



Med heimel i plan- og bygningslova §20-1 bokstav m), gjev Lindås kommune løyve til å dele frå ein parsell på om lag 2000m2 frå gnr.137 bnr.705, slik det er søkt om synt på kart motteke i kommunen 13.05.2014. Parsellen skal nyttast i samsvar med godkjend reguleringsplan 1263-201212.

**Grunngjeving for vedtaket:**

Kommunen vurderer søknad om deling etter pbl §20-1 og §26-1.

«Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, føresegn, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel skikka til bygging på grunn av storleik eller form.»

Det gjeld 2000m2 grunn som er del av godkjend reguleringsplan.

Løyve til deling er vurdert etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller i medhald av pbl. Det kan hefte servituttar ved eigdommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eigdommen gjeve av kommunen med heimel i pbl.

**Bortfall av løyve:**

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingforretning innan tre år etter at løyvet til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf.pbl §21-9.

**Gebyr:**

Etter gebyrregulativet til kommunen vedteke i desember 2013 gjeldande for 2014, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Søknad om deling i regulert område, andre føremål kr.5000,-

**Mynde:**

Saka er handsama og avgjort av Areal- og miljøavdelinga i høve til delegert mynde.

**Klage:**

Avgjerda er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Partane kan klage til overordna mynde over vedtaket innan tre veker, jf.§§28 flg. i forvaltningslova. Sjå vedlegg.

Med helsing

Arnold Matre  
fagleiar

Eli Bjørklid  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Lindås Tomteselskap AS

Hagellia 4

5914

ISDALSTØ